

# KYRKJEBLAD

53. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6/99

## LES I KYRKJEBLADET

Diakon Åse Madsen har skrive andakt under tittelen "Møte med livet og døden på samme dag"

Side 3.

I "Nytt frå kyrkjevevja kan de mellom anna lesa om vass-skadane i Dale kyrkje.

Side 4.

"Det var så enkelt, så enkelt", slik ordlegg Inger Lise Rypdal seg i eit intervju der ho fortel om korleis ho vart ein kristen.

Side 5.

I sommar var det vitjing frå sokneråda i Vossestrand til Nesheim.

Side 7.

24. oktober går den årvisse TV-innsamlinga av stabelen. I år går den til Amnesty.

Side 9.

## SØNDAGSSKULENS DAG


5. september vart Søndagsskulens dag skipa til på Vaksdal.

I kyrkjebladet denne gong kan du lesa intervju med krinsesekretær Nils Arne Lavik.

På spørsmål om framtida til søndagsskulen, seier han at den ser spanande ut. Og han er optimist på søndagsskulen sine vegne.

Hjelpemiddel i tekstforklaringa til borna, bøn og ikkje minst den ressurs foreldra er, er viktige ting seier han.

*Meir kan de sjå og lesa side 6.*



Som vanleg var det leik og aktivitet etter matøkta på Søndagsskulens Dag. Her er det visst katten som jaktar på musa

*Foto: Ragnvald Kringlebotten*

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome redaktøren i hende innan 10. november 1999.  
Bladet kjem ut i veke 49 som byrjar med 6. desember.

Ragnvald

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på førehand.  
Prestane har teieplikt.

**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam  
Tlf. 56 59 61 20  
Fax 56 59 89 46

**Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30**

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 61 20  
Tlf. privat 56 59 73 15

**Kapellan Bård-Egil Dyrhol**

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88  
Mobil tlf. 94 55 12 87

**Kyrkjevevje Svein Tøsse,**

Heradshuset 4. etasje  
Tlf. kontor 56 59 44 54  
Mobil tlf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal  
Bladpengar: kr. 100,-  
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.  
Postgiro: 0808 57 23 4 73  
Bankgiro: 3500.50.13 117  
Bladstyrar:  
Ragnvald Kringlebotten,  
5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.  
Kasserar:  
Elisabeth Dyrhol,  
Vaksdalgarden 10, 5725 Vaksdal.  
Tlf. 56 59 70 88  
Eksp. og trykk:  
Øystese Trykkeri A/S, Boks 34  
5604 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.  
Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,  
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**UVANLEG  
DÅPSVATN!**

Vassløysa på Dale har gjeve ulike fylgjer, slik óg i kyrkja. Ein annan stad i dette bladet kan ein lese om skadene i Dale kyrkje.

Ein laurdag i august førde vassløysa til at ein stod utan dåpsvatn like før ein dåp. Det var vel stort sett berre dei som bur på Dale som var merksam på vassmangelen, og då alle dei som gjorde teneste i kyrkja denne dagen budde ein annan stad, hadde dei ikkje tenkt på manglande dåpsvatn. Og kva skulle ein gjere når ein fann ut at ein mangla vatn like før dåpshandlinga skulle ta til?

Jo, ein måtte kjøpe vatn. Godt var det då at Seim'en på Dale hadde ope, og at kyrkjetenaren hadde sonen sin med. Martin sprang til butikken, og kom attende med ei flaske Olden. I farten fekk han med seg vatn med kolsyre, men her var det likevel berre å nytte det ein hadde. Kyrkjetenaren varma vatnet i ei panne, slik at ikkje dåpsbarnet skulle få seg ein kalddusj.

På flaska sin etikett stod det at dette vatnet kom ned som regn for om lag 5000 år sidan, har vore ein del av ein isbre, for så å verte tappa på flaske i 1999. Såleis gjekk det til at kapellan Bård-Egil Dyrhol døypte vesle Demi Marie Frantzvåg i eit vatn som var fleire tusen år eldre enn sjølve dåpen! Og det var vel fyrste gongen i Dale kyrkje at ein nytta brusande dåpsvatn...?

**KYRKJESTADEN**

DALE 100 ÅR

**Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 100,-

hjá Petersen & Ypsøy  
og på Kyrkjekontoret.

Boka kan tingast frå  
Kyrkjekontoret, Boks 113,  
5280 Dalekvam .  
Tlf. 56 59 61 20

**SJELESORG-  
SENTERET**

Er du i en vanskelig livssituasjon som du selv ikke mestrer å komme ut av?

Sjelesorgsenteret er et tilbud til deg som ønsker noen å snakke med. Vi har lang erfaring med å veilede mennesker, både enkeltmennesker og familier, som synes livet er tungt å bære.

Sjelesorgsenteret har dørene åpne for alle!

Ta selv kontakt, du trenger ingen henvisning.

**Bergen Diakonissehjem,****Ulriksdal 10,****5009 Bergen.****Tlf. 55 57 57 76****Faks. 55 57 69 95**

# Møte med livet og døden på samme dag

Jeg får besøk av en ung familie. Det er mor, far og deres vesle gutt på 1 år. De er friske og glade og har livet foran seg. Vi småprater om dagliglivets gleder. Ferien er nettopp begynt, vi ønsker oss masse sol, vi prater om arbeidet som ligger bak og arbeidet som ligger foran. Den vesle gutten får mye oppmerksomhet. Med store tillitsfulle øyne ser han på oss, rekker fram en liten solbrun hånd og sier rare ord som vi ikke skjønner.

Noen timer senere får jeg et dødsbudskap. En nær og kjær eldre kvinne er død. Døden kom plutselig og uventet. Hun var sammen med oss for noen dager siden – nå er hennes dager talte, og vi står undrende og sørgende tilbake.

To sterke følelser har fylt denne dagen.

Formiddagstimene var fylt av glede, livsmot, framtidshåp og fellesskap.

Aftentimene var preget av sorg, avn og adskillelse.

Kontrastene er store denne dagen.

Det ene øyeblikket er fylt av liv, der det gode og det sterke står i forgrunnen. Det neste øyeblikket er fylt med tanker knyttet til døden. Nå er det sorgen og savnet som tar all oppmerksomhet.

Gud er til stede midt inn i disse sterke kontrastene denne sommersøndagen i juli. I Salme 139 synger salmisten om Guds tilstedeværelse i livets omskiftinger.

.....om jeg sitter eller står, så vet du det, Langt bortefra merker du mine tanker.

Om jeg går eller ligger, ser du det,  
om jeg er glad eller om jeg sørger (min tilføyelse),  
du kjenner alle mine veier.

Det er godt å ha en Gud som kjenner alle våre veier, alle våre erfaringar og alle våre opplevelser.

Han er med oss alle dager – de gode så vel som de onde.

Vi kan stå undrende og spørrende mange ganger. Men Gud står der med sitt sterke tilbud om tilstedeværelse og fellesskap midt i livet og i møte med døden.

....se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende (Matt. 28,20)

Åse Madsen, diakon  
ved Sjelesorgsenteret  
Bergen Diakonissehjem



Kom til meg og få hvile


# Nytt frå kyrkjeverja

## Vass-skade i Dale kyrkje:

Ein kran som vart ståande open under ein av periodane med vassstenging førte til at Dale kyrkje fekk vass-skadar for om lag 250 000 kroner.

Skaden vart oppdaga onsdag 18. august av klokkar Eli Kringlebotten, som skulle henta utstyr i kyrkja. Organistane kom til staden straks etter, og vasskranen som hadde stått open i 3 dagar vart stengt. Avlaupet klarte ikkje å ta unna vatnet, som dermed fløymde ut over heile kyrkjegolv. Kyrkjebenkane og omnane vart demonterte, og golvbelegget måtte fjernast.

Skadane medfører at kyrkja vert steng til i byrjinga av oktober. Omliggjande kyrkjer vil verte nytta til dei ymse kyrkjelege handlingane som elles skulle vore i Dale kyrkje. Dale bedehus vert nytta til dei ordinære gudstenestene.



Snikkar Bjarte Eidsnes er her i ferd med å kle inn orgelet i Dale kyrkje.

*Foto: Svein Tøsse*



Røyrlleggjar Trond Steinsbø driv med å demontera omnar i Dale kyrkje.

*Foto: Svein Tøsse*

## Lydanlegg i alle kyrkjene

Eidsland og Eksingedalen kyrkjer har fått lydanlegg i haust. Dermed har alle kyrkjene i kommunen lydanlegg med teleslynge.



## Sparetiltak for kyrkjene

ENØK-tiltaka som skal gje lågare kostnader med oppvarming av kyrkjene er snart slutførte.

I nokre av kyrkjene var det elektriske anlegget i svært dårleg stand, og det var naudsynt med ei opprusting.

Bergsdalen og Stamnes kyrkjer har fått nye sikringsskap og ny temperaturstyring. Temperaturstyringa gjer at ein kan velje mellom to temperaturar i kyrkjene, om lag 20 grader når kyrkja er i bruk, og 14 grader elles. Eksingedalen kyrkje har fått nye og større omnar i koret, og temperaturstyring.

Varmen i Vaksdal kyrkje vil som eit prøveprosjekt etter kvart verte styrt direkte frå kyrkjeverja sitt kontor. Denne kyrkja har det høgaste årsforbruket av straum, og innsparinga kan verte på nærare 20 000 kroner årleg.

# Det var så enkelt, så enkelt

-Eg har vore søkjande i årevis. Eg prøvde alt før eg fann ut at det var så enkelt som å overgi livet mitt i Guds hender. Det eg trudde var krav og bod, synte seg å vera fridom, seier ei lukkeleg Inger Lise Rypdal. Ho seier at ho alltid har trudd på Gud, men at ho ikkje hadde overgitt livet sitt til Jesus.

-No kan eg ikkje tenkje meg livet utan Gud. Gudstilhøvet er avgjort det viktigaste i livet mitt. Trua er blitt ein del av tankegangen. Gleda over å tilhøyra Gud boblar inni meg heile dagen. Eg frydar meg over å vera Guds barn!

Inger Lise Rypdal sprudlar av glede. Ho har sett av to timar for å fortelja om sitt nye personlege liv med Gud, midt i flyttesjau og andre oppdrag. Over ein lunsj med sprøsteikte grønnsaker og akkar, deler Inger Lise med oss sin prosess frå kompliserte New-Age øvingar til ei enkel overgiving og tiltru til Gud som far og hjelpar i alle ting. Ho har alt mange røynsler med at Gud grip inn i kvardagen vår og hjelper oss.

## Fått konkrete bønnesvar

-Eg har fått mange konkrete bønnesvar. Når du har opplevd at det skjer mirakel når du går til Gud i tillit og tru, blir du tryggare. Vi må berre våga å overlata alt til han. Somme gonger er det enkle så vanskeleg for oss, for vi vil så gjerne ordna opp sjølve.

-Vi gjer det så komplisert, medan det handlar om enkelt å ta imot. Men om vi tar oss tid til å venta på Gud, kjem han alltid med ei løysing. Det er når vi er stille, det skjer, seier Inger Lise Rypdal og ler.

## Folk skal merka kva eg har

No er Inger Lise opptatt av å leva eit kristenliv i kvardagen, mellom familie, kollegaer og menneske ho møter.

-Blant kollegaene mine er det blitt "trendy" å søkja åndelege verdier. Men mange søkjer feil. Som kristne må vi vera frimodige og stå fram med trua vår. Vi må formidla at trua gir styrke, tryggleik, fred og vern, seier Inger Lise Rypdal.

Ho stod for ei tid sidan fram på tv og fortalde ope om trua si.

-Eg brukar dei høva eg har. Eg er kjend, og den sjansen brukar eg til å formidla det som er viktig for meg. Det er faktisk heilt sant at eg i dag ikkje kan tenkja meg livet utan trua på Jesus. Kva skulle eg gjera om trua vart teken frå meg? Livet med Jesus vil eg aldri gå bort att frå. Det er det viktigaste i livet mitt, seier heile Noregs Inger Lise Rypdal.

Anne Gustavsen, KPK



-Eg frydar meg over å vera Guds barn, seier Inger Lise Rypdal.

KPK-Foto: Anne Gustavsen / LivsGlede



## Søndags- skulens Dag

Søndag 5. september vart det skipa til Søndagsskulens Dag på Vaksdal i strålende ver. Etter familiegudsteneste var det matøkt og leik, før det heile vart avslutta med ei songstund i kyrkja. I det høve har me teke ein prat med krinssekretær Nils Arne Lavik, som talte på familiegudstenesta.

-Det første me lurar på er kor gamal han etter kvart er vorten.

-Eg er fødd i 1949 og er såleis 50 år i år, seier Lavik.

-Kva var du før du vart krinssekretær?

-Etter at eg var ferdig med presteutdanninga mi, var eg marineprest. Men det var før eg vart ordinert, og det var då nokre ting eg ikkje kunne utføra.

I januar 1979 vart eg ordinert av biskop Tor With til prest i Norsk Søndagsskuleforbund, og det var litt spesielt. Etter den tid har eg hatt arbeidet mitt innan søndagsskulen. Først som reise-sekretær. Sidan etterfylgde Lilly Haugland som krinssekretær i 1983 i Bergen Krins. I krinsen vår, som strekkjer seg frå Masfjorden i vest til Finse i aust og frå Røldal i nord til Tysnes i sør, er det mellom 750-760 leiarar som tek seg av dei 3-4000 barna som kjem på søndagsskulen, seier Lavik.

## Framtida

-Korleis ser du på framtida til søndagsskulen?

-Eg ser på den som spanande, og statistikken som ein del år har gått nedover, har nå på det næraste flata ut. Dersom me hadde fått inn statistikken frå alle søndags-

skulane, trur eg den hadde vist ei lita stiging.

Ein anna ting er at mange syns det vert for mykje byråkrati med slik statistikkføring. Staten yter berre tilskot til dei søndagsskulane som tek inn kontingent og fører statistikk. Det er tungrodd, men diverre naudsynt å gjera dette skal me få økonomisk støtte.

Økonomien til krinsen er stram, og vil oppfordra alle som har høve til å støtta dette viktige arbeidet økonomisk.

## Foreldre

-Foreldra er vel også ein ståtressurs i søndagsskulen?

-Ja, i aller høgste grad. Mange av dei føl barna sine og er der heile søndagsskuletimen. Å engasjere foreldra er viktig, men me må ikkje overkjøra dei.

-Mange foreldre har jo også eit dilemma at barna vil vera med på mange ting, og slikt kan det lett verta kollisjonar av. Her som på andre område må me prioritera kva me vil vera med på, seier Lavik.

## Hjelpemiddel og bøn

-Å gjera bibelstoffet levande for borna er viktig. Her har me mange hjelpemiddel som me kan nytta. Veldig viktig er det også at barna kan kjenna seg trygge når dei kjem til søndagsskulen.

-Bøn i søndagsskuletimen er viktig. På den måten kan me læra barna å be til Gud, og ikkje minst oppfordra foreldre og andre til å be for søndagsskulen, avsluttar Lavik.



Krinssekretær Nils Arne Lavik talte på Søndagsskulens Dag.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Vaksdal Familiekor deltok under Søndagsskulens Dag

Foto: Ragnvald Kringlebotten

## Streendingar på tur

Sundag 4. juli inviterte sokneråda i Vossestrand på tur til våre naboar i vest: Nesheim kyrkjelyd i Eksingedalen. Lars-Erik Haga kan meir enn å spela orgel! Den fullsette bussen køyrde han med stødige hand på dei tronge vegane over Nesheimfjellet og like til Gullbrå. Oppslutninga om turen var så stor at me ein i tillegg måtte fylla opp fleire småbilar.


Strålande ver, fullsett kyrkje og hyggeleg nabotreff på kyrkjebakken. Og nett då me sette oss i bussen att, byrja det å regna! Ein minnerik tur og me takkar Nesheim kyrkjelyd for flott mottaking, masse god mat og fint gudsteneste-fellesskap.

*John Ove Thaule*

Ps.

Dei har skreve takkebrev til Nesheim sokneråd der dei takkar for ei fin oppleving, god mat og ynskjer dei velkomne på vitjing til Vossestrand når det skulle høva.

Ds



Nesheim kyrkje der Streendingar og folk frå Nesheim sette kvarandre stemne i juli.

*Arkivfoto: Ragnvald Kringlebotten*



Her kosar folk seg med kaffi og prat på kyrkjebakken.

*Foto: John Ove Thaule*

# VAL

Valdagen er over! (trudde eg) og strakk meg godt på sofaen. No er det heile to år til neste gong eg må leite etter valkortet, få på meg uteklede, kome meg til vallokalet i øse pøse regn for å gjere mi sokalla borgarplikt. Klappe meg febrilsk på brystlomma for å konstantere at pennen ikkje er der, og oppdage blyanten som ligg rett framføre i det eg slikkar konvolutten. "Brett flippen ned i konvolutten" står det. Jaja, dei har vel berre godt av litt ekstraarbeid teljarane, som ikkje har teke med seg sprettekniv ein gong til teljarbordet. Men her eg ligg på sofaen er eg godt nøgd. Eg har gjort mi borgarplikt! Eg treng ikkje gjere noko nytt val før.....det går langsamt opp for meg at eg vert nøydd til å ta nye val lenge før to år har gått. Det finns faktisk andre ting eg må velje. Ikkje val over ordførarkandidat, eller politisk leiing akkurat. Heller ikkje om eg vil drikka vatn frå himmelen, eller det som ikkje kjem i springen, eller korvidt eg skal bruka pengane på farris eller olden. Det handlar ikkje om å gå til gudsteneste i Dale kyrkje eller ikkje gå til gudsteneste i Dale kyrkje, for der går det ingen gudstenester.

Det handlar om sofaen! Eg kunne gjerne tenkt meg han nokre hakk betre, det er no so. Men spørsmålet er: Når skal eg velge å forlate denne innbydande skapningen?

Middagsluren den berre må eg ha, men eg skal innrømme at somme tider vert den ganske lang. Eg likar helst å få med meg

dagsrevyen. Hausten og vinteren er lang, og det kan verte mange ettermiddagar og kveldar med øse pøse regn. Travelt å kle på seg alt utstyr vinterstid er det òg. Setje seg i ein bil som er kald.

Å gå på noko som eg eigentleg ikkje må, frårøve meg sjølv tid friviljug, det er hardt. Samfunnsplikt kan det vel kallast. Nokre må halda samfunns-hjula i gang seiest det. Nokre må arrangere og andre må møte opp. Det første er det så mykje arbeid med at eg ynskjer å halda meg til det siste. Så har eg i allefall valet då om å velje sofaen eller samfunnsplikta. Eg trur eg ligg ei lita stund til så eg får tenkt meg godt om.

Godt Val!

søst

## Ny Horisont skal halda fram

Ungdomsbladet Ny Horisont kjem likevel ikkje til å bli lagt ned. Avishuset Vårt Land ønskjer ikkje lenger å gi ut bladet på grunn av stort underskot. Heller ikkje kristne organisasjonar som tidlegare har vore med på utgjevinga, har vore interesserte. Men no har hjelpeorganisasjonen Strømmestiftelsen teke på seg å gi ut bladet som ein lekk i si satsing på ungdommen.

Generalsekretær Øistein de Presno seier at dei vil halda på den same redaksjonelle linja som bladet nå vert laga etter.

(KPK)

PS! Dale Sokneråd har vedteke å gje Ny Horisont til konfirmantane.

## ALLE TIDERS JULE-TREFEST

Er det mogeleg å få til ein felles juletreffest i bygda, i staden for mange små?

Kvart år rundt nyårstider vert det arrangert juletreffestar av ulike lag og organisasjonar. I samband med årtusenskiftet er det gått ut ei oppmoding frå den nasjonale nemnda å freiste å få til samarbeid mellom dei ulike arrangørane. Det er gjort framlegg om å ha desse festane på ein bestemd dato: Torsdag 6. januar. Denne dagen er den såkalla Heilage tre kongars dag, for dei fleste meir kjend som trettande dag jul.

I den lokale Jubileum 2000-nemnda er det ynskje om å få til dette i dei einskilde bygdene våre, og lokale juletreffestarrangørar er allereie kontakta. Så står det att å sjå om ein kan verte einige om tid, stad, opplegg osv. for desse festane. Sett allereie av denne dagen i neste års kalender, denne julefesten må du ha med deg!





# Din innsats – Andre sin fridom

Søndag 24. oktober går den årlege TV-innsamlingsaksjonen av stabelen. I år er det Amnesty International som er tildelt aksjonen.

Amnesty International arbeidar for menneske som er forfylgde og fengsla på grunna av si tru, politiske overtvinging eller anna. Varaordførar Odd Helland er leiar i den kommunale komiteen i Vaksdal.

-Når me har det så godt som me har det, vil eg seia at me burde vera forplikta til å hjelpa andre som lid. Det er me som har vår fridom intakt som må kjempa for at menneskerettane skal verta respekterte i alle land, seier Helland.

Eg vil appellera til samvetet vårt og vonar at bøsseberarane vert godt mottekne når dei kjem rundt denne søndagen.


Aksjonen vil finna stad frå kl. 15.00 og utover ettermiddagen. Denne dagen vert det også tradisjonelt opplegg med fjernsyns-sending heile dagen, der ymse artistar vert med.

Dei som er interessert i å vera med og gå med bøsser kan ta kontakt med Odd Helland på telefon 56 59 81 33 på ettermiddagstid.

Odd Helland oppmodar oss alle til å stilla med opne lommebøker under innsamlingsaksjonen til Amnesty International 24. oktober.

-Det er me som har vår fridom intakt som må kjempa for at menneskerettane skal verta respekterte i alle land, seier Odd Helland.

*Foto: Vaksdal Posten*



## TV-aksjonen - 99



**Ta årets mest meningsfulle spasertur!**



**aksjonen - 99**

din innsats - andres frihet!

**24. oktober**

**Amnesty**



## Ein draum:

# Kvifor sa du ingen ting?

Av skuleelev Kristin Astrid Berland Øystese.

Det eg no skal fortelje er ein draum som ei venninne av meg hadde for ei tid sidan. Draumen har eg brukt som vitnesbyrd i forskjellige samanhengar.

Draumen gjekk ut på at venninna mi stod i kø inn til himmelen, for ho var ein kristen. Ved sida av gjekk det ein annan kø, med alle dei ufrelste, som gjekk fortapt. I den andre køen stod mange av venene til denne jenta. Dei ropte til henne: "Kvifor sa du ingenting."

Draumen gjekk svært inn på meg fordi eg ikkje er særleg flink sjølv til å fortelje andre om kva eg står for. I misjonsbodet står det at vi skal gå ut og gjere alle folkeslag til læresveinar. Vi må dele gleda vår med andre, det er vår oppgåve.

Kanskje har du det på same måten som eg? Det er ikkje alltid lett å finna dei rette orda. Det er ikkje så enkelt å seia dei heller. Men du kan skriva nokre ord på eit kort, invitera ein ven med på ein kristen konsert eller ei samling i kyrkja, eller eit anna forsamlingshus. Men først og fremst kan du visa at du er eit menneske som bryr seg om andre, og du kan vera open for andre si undring og spørsmåla deira.

## KYRKJESKYSS

### VINTERSTID

Dersom eldre på Dale har trong for skyss til Dale kyrkje vinterstid kan ein ta kontakt med Grannekontakten på Dale på Tlf. 56 59 70 80.

## LEIRAR PÅ FAGERTUN

### Nyttårsleir

Velkomen til nyttårsleir på Fagertun ved overgangen til eit nytt årtusen

28.12.1999 . 01.01.2000

Alder: 9. klasse  
og oppover.

### Adventleir

Fred. 26. –  
sønd. 28. november.

Alder: 4. – 7. klasse

Informasjon  
og påmelding  
til begge leirane:

Noregs Samemisjon  
Sparebankgt. 4 A,  
5017 Bergen  
Tlf. 55 31 65 06.


## SLEKTERS GANG

### DØYPTE



#### DALE

27.06. Malin Halland Midtbø  
VAKSDAL  
12.09 Sigrid Olsnes




### VIGDE



#### STAMNES

25.09 Marianne Stamnes  
og Osvaldo De Monte



### AVLIDNE




#### DALE

12.08 Bjarne Birkeland,  
f.1933  
19.08 Kristianne Elisabeth  
Dankertsen  
f.1917  
13.09 Aslaug Kristine  
Høyland, f. 1916  
VAKSDAL

07.09 Per Elholm, f.1921  
15.09 Astrid C. Olsnes,  
f.1919

#### STAMNES

29.08 Signy Stamnes, f.1917



Alt i kjøkkeninnredning  
Bad- og skyvedørsgarderobe  
Snekkerverksted

**SNEKKER  
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

## Trelast og byggevarer

 **DALE TRELAST** a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5722 Dalekvam



## PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping  
Tlf. 56 59 61 58

Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto  
i 2. høgda Dale Handelsforening  
tlf. 56 59 79 80



**DALE HANDELSFORENING**  
avd. Dale 56 59 61 01  
Avd. Stamnes 56 59 82 03  
Avd. Stanghelle 56 59 50 35

Nye Dale  
**VERTSHUS**

Boks 12, 5721 DALEKVAM  
Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.

**joker**  
DALE

## K. Seim A/S,

Boks 114,  
5721 Dalekvam  
tlf. 56 59 62 23  
Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.  
Her kan du handle det du treng.



**SAMVIRKELAGET  
INDRE VESTLAND**

Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 75 01  
Avd. Eksingedalen Tlf. 56 59 58 20



Returadr.:

Vaksdal kyrkjeblad

Postboks 113, 5721 Dalekvam

## VELKOMEN TIL KYRKJE



### Laurdag 23.oktober

**DALE kl.18.** Gudsteneste i samband med samling for sokneråda.

### 24.oktober – 22.søndag etter pinse

**VAKSDAL kl.11.** Dyrhol. Nattverd.

Offer til TV-aksjonen Amnesty International. 50-års konfirmantar.

**STAMNES kl.11.** Kvamsøe. Nattverd. Offer til Redd Barna.

**EKSINGEDALEN kl.16.** Kvamsøe. Nattverd. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.

### 31.oktober – Bots- og bededag

**DALE kl.18.** Larsen. Nattverd. Offer til Kirkens SOS i Bjørgvin.

### 7.november – Helgemessesøndag

**BERGSDALEN kl.11.** Dyrhol.

Nattverd. Offer til IKO.

**VAKSDAL kl.18.** Dyrhol. Offer til Kristent Innvandrerarbeid.

### 14.november – 25.søndag etter pinse

**DALE kl.11.** Familiegudsteneste.

Kvamsøe. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4-åringar. Offer til IKO.

**STAMNES kl.17.** Familiegudsteneste. Dyrhol. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4-åringar. Offer til Kirkens Familierådgiving Biskopshavn, Bjørgvin.

### 21.november – siste søn. i kyrkjeåret

**NESHEIM kl.11.** Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til dåpsopplærings-fondet i soknet. Bokutdeling.

**VAKSDAL kl.17.** Familiegudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4-åringar. Offer til Redd Barna.

### Fredag 26.november

**DALE kl.19.30** Konsert. Mikael Süßmann – fiolin og Marko Nouwens – klaver.

### 28.november – 1.søndag i advent

**DALE kl.18.** Lysmesse. Dyrhol, Kvamsøe og konfirmantane i Vaksdal, Dale, Stamnes og Bergsdalen. Offer til De fire Diakoni-institusjonene.

### 5.desember – 2.søndag i advent

**VAKSDAL kl.11.** Dyrhol. Nattverd.

Offer til Radio Vaksdal.

**STAMNES kl.11.** Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjons-samband.

**EIDSLAND kl.16.** Lysmesse. Kvamsøe. Bokutdeling. Offer til Redd Barna.

**EKSINGEDALEN kl.16.** Lysmesse. Dyrhol. Bokutdeling. Offer til soknerådsarbeidet.

**DALE kl.18.** Adventkonsert.

### Laurdag 11.desember

**STAMNES kl.16.** Adventkonsert.

Offer til kyrkjemusikalsk arbeid i kyrkjelyden.

### 12.desember – 3.søndag i advent

**DALE kl.11.** Kvamsøe. Nattverd. Offer til Bergen Søndagsskulekrets.

**BERGSDALEN kl.16.** Lysmesse. Kvamsøe. Bokutdeling.

**VAKSDAL kl.18.** Adventkonsert.

Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### Fredag 26. nov. kl. 19.30

#### KONSERT I DALE KYRKJE

Mikael Süßmann – fiolin  
Marko Nouwens - klaver

#### ADVENTSKONSERTAR

DALE -	5.12 kl.18.
STAMNES -	11.12 kl.16.
VAKSDAL -	12.12 kl.18.

## Adventkonserter 1999

I år som i fjor vert det adventskonsertar i kyrkjene. Denne gongen er dei fordelt på dei to første helgene i desember. Musikkforeiningar, lag og kor har fått invitasjon til å vere med og delta. Me satsar på ei brei oppslutning om desse konsertane både frå utøvarar og publikum si side. Det er viktig at ein har desse konsertane der ein kan møtast i kyrkja og få ei god oppleving i ei elles travel førjulstid. Dette vert òg dei siste adventskonsertane i dette årtusen.



### VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokal-avisene og på plakatar for å kontrollera m.a. klokkeslett for gudstenestene.